



Årsmelding Øystese kyrkjelyd, 2025

- godkjend av Øystese sokneråd-

Soknerådet sine medlemmer/møte og godkjenning av årsmeldinga

Soknerådet hadde 9 ordinære soknerådsmøte i 2025

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til
soknerådsmøta:

Prestvikar /prest under utdanning Norunn Røed Markhus,

før august: Roar Strømme

Kjell Dysvik, leiar

Astrid Lunestad, nestleiar

Anne Christin Myklebust, skrivar

Therese Rykkje, kasserar/kontakt misjonsorganisasjon

Ruben Øystese

Hilde Måge Kristiansen

Anne Britt Berge kontaktperson barnekoret

Kjell Arne Gjørn

Varamedlemer:

Aina Vågen

Gunlaug Sekkingstad

Bård Magnus Lundestad

Både medlemer og varamedlemer har vore innkalla, møtt på møta og tatt del i alt arbeid.

Årsmelding og rekneskap for 2025 vart godkjent av Øystese sokneråd 10.03.26 og vert lagt fram til orientering på årsmøtet for kyrkjelyden, 15.03.26.

I tillegg til denne årsmeldinga, er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske

kyrkja 2025" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

Sokneråd og varamedlemmer pr 10.04.26. Norunn er fast med i soknerådet men var fotograf her.



Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2025 (2024-tala i parentes):

Det er halde 26 (23) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 118 (110) deltakarar. 17 (15) gudstenester hadde også dåp. 32 born vart døypte i 2025. Det var 39 (18) konfirmantar, 6 (9) vigsler og - 25 (18) gravferder. Det vart gjennomført skulegudstenester for barnetrinnet, ei for 1-3 trinn og ei for 4-7 trinn på Øystese barneskule. Til saman 3 gudstenester vart arrangert utanom søndagsgudstenestene. Kvar fjerde veke utanom juli er det andakt i tredje etasje på Øysteseheimen, ein felles andakt for første og andre etasje der, på Dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. Det var halde julegudsteneste på dagsenteret på Øysteseheimen. Også barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 3429 (3240).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 151146 (142703). Offer til lag og organisasjonar var kr 63800 (51811). Følgande organsiasjonar har motteke kyrkjelydsoffer i 2025: Himalpartner, Institutt for kristen oppseding, Norsk Luthersk Misjonssamband, Kristens Innvandrararbeid, Indremisjonssamskipnaden, Lookalt søndagsskulearbeid, Stefansusalliansen, Menneskeverd, Kirkens Nødhjelp.

Rekneskapsresultatet for 2025 (fjoråret i parentesar)

Resultatet viser eit overskot på kr.30065,27 (overskot 2788.88). Saldo bank ved årsavslutning kr 65.277,88 (6249,80). Rekneskapen er hos revisor for å verte godkjend.

Kyrkjeleg fellesråd:

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellesråd var i 2025 Kjell Dysvik (vara Ruben Øystese) og Astrid Lunestad (vara Kjell Arne Gjørn). Dette året har vore betre enn føregående år, grunna god økonomistyring og sjukefråvær som har slått gunstig ut for budsjett/rekneskap. Vi er takksame til

Kvam heradsstyre som løyvde tilsvarande som fjoråret - i ei tid med vanskeleg kommuneøkonomi. På lengre sikt er økonomien framleis anstrengt. Prisstigning og dyrtid slår ut for kyrkja, i tillegg til høge pensjonskostnader.

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet dekkjer Vikøy, Øystese, Strandebarm og Ålvik sokn. Olav Skeie Lid (kyrkjeverje) har vore redaktør frå starten av 2023. Frå hausten 2024 har ein kutta på utgiftssida for kyrkjebladet, ved at Inger Karin Tordal på kyrkjekontoret tek seg av det layoutmessige med bladet. Redaksjonsnemnda består av redaktør og ein representant frå kvart sokn. Frå Øystese har Arne O. Øystese vore representant. Kyrkjebladet kjem ut med 4 nummer i året. Gåve-/frivillige abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben som vert gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

Open Kyrkje:

Sommaren 2025 har vi vidareført ein “forenkla versjon,” der tilsette på Kabuso har låst opp og lukka kyrkja i opningstida til Kabuso. Vi er takksame for at denne hjelpa. Gjestebooka syner at det er besøk frå mange verdsdelar og land.

Liturgi:

Øystese sokn har heile dette året hatt sams liturgi med Ålvik og Vikøy, dette var avgjort i eit eige soknemøte 17.11.24

Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og ein fast misjonsorganisasjon:

Soknerådet sin kontaktperson er Therese Rykkje. Avtale med misjonsorganisasjonen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden, og innsamling av støtte til dei prosjekta organisasjonen til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til organisasjonen bede for i forbøna.

Likeins som nabosokna våre, skiftar Øystese sokn misjonsorganisasjon. Vi har altså sagt opp den langvarige avtalen med Himalpartner.

Vi er i ferd med å sette i gang avtale med Norsk misjonsselskap sitt Aust-Afrika arbeid (fokus Madagaskar). Vi planlegg ytterlegare informasjon til kyrkjelyden og dei ulike prosjekta som Misjonsselskapet driv på Madagaskar

Diakoni: Soknet vårt har ein vedteken diakoniplan.

Ein god del av arbeidet her vert gjennomført av dei tilsette i kyrkja med blant anna institusjonsbesøk. Det har vore til saman 20 slike.

Føremiddagstreff vert arrangert ein gong i månaden, med hjelp av soknerådet og frivillige. Dette er samlingar med eit føredragsinnslag, song og eit enkelt måltid til slutt. Målgruppa er eldre. Vi har samarbeid med Vikøy om treff annankvar månad på kvar plass. Eli Kvarv og Kirsten Melstveit er med i komiteen som har medlemmer frå begge sokn. Desse legg planar for arrangementa, saman med prestane.

I 2025 har **Kyrkjeklubben** vore samla til månadlege samlingar i Norheimsund kyrkje. Ein har først ei kort gudsteneste og deretter kveldsmat. Det har vore god oppslutnad om desse samlingane. Frivillige frå soknet er Eli Kvarv og Gullaug Laupsa.



Av arrangement i kyrkja må det nemnast at Arne O. Øystese også i år inviterte til «Fest på kjerka» denne hausten. Det er god oppslutnad om desse flotta arrangementa.

Soknerådet forvaltar ei gåve til diakonale føremål (testamentarisk gåve frå Olav Jaastad) der kr 15.000 av gåva vert delt ut kvart år. Føremiddagstreff og kyrkjeklubben i 2025.

Trusopplæring i Øystese:

Det bør nemnast at både for trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk finst det vedtekne planer for Øystese sokn. Soknerådet har sagt ja til at staben på kyrkjekontoret arbeider med ein felles justert plan for alle desse områda, som gjerne blir ferdig/godkjent i 2027

Kari Furnes Aalvik og medhjelparar har stått for søndagsskularbeidet. Dette skjer i regi av søndagsskulen. Dei har gjennomført 3 samlingar pr. semester heime hos seg. I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Lys vaken januar 2026



*Julefest med tårnagentar januar 2026.
Dei tre vise menn kom med godt til
borna.*



Bilde nr 2

Bilde nr 3

- Gjennom året har kateket og kyrkjelydspedagog, i samarbeid med soknerådsmedlemer, invitert til følgjande trusopplæringstiltak: **Krølletreff og 4-års-bok, Legoklubb, Skulestartbok og Lys Vaken og Tårnagent**, dei to siste rett nok flytta til januar 2026.
- Det var det ikkje **kyrkjekino** i 2025. Den vart avlyst grunna sjukdom, men nokre frå Øystese kom til Norheimsund og deltok der.
- Det har også vore arrangert **babysong** – felles for Øystese og Norheimsund, i Norheimsund kyrkje.

Det må nemnast at økonomien for trusopplæringstiltaka er anstrengt, med mindre stillingsprosentar enn kva vi fekk før 2024. Det er igangsett ei eiga gåveordning - for om mogeleg å sikre pengar til drift av tiltaka her. Truleg må vi venje oss til tanken på at det krevst gåveordningar her - også for å halde i gang slike kjerneaktivitetar i kyrkja vår.

Frå gospelkonsert med Norheimsund og Øystese ungdomskor i Øystese kyrkje hausten 2025

Kyrkjemusikk

Vi er velsigna med svært dyktige organistar. Desse har hatt ansvar for ulike messer og ikkje minst innslag i gudstenestene, ofte i samarbeid med frivillige (ungdomar og andre). Det er ein eigen kyrkjemusikalsk plan for dette arbeidet, som vert rullert / vurdert kvar 3-4 år.

Til skilnad for fjoråret, vart det ikkje arrangert sommarkonsertar i Øystese (eller andre kyrkjer) denne sommaren. Det er mogeleg kantorane kjem attende med slike arrangement i seinare år.

I samarbeid med Kvam mållag arrangerte vi nynorsk salmekveld i høve hundreårsjubileum for Nynorsk Salmebok. Roar Strømme held føredrag. Han vart også takka av for tenesta i kyrkjelydane i Kvam. 99 frammøte song, lytta og hygga seg.

Frå nynorsk salmekveld med Roar Strømme




Barnekoret:

Dirigent Eirin Beate Åserud-Løvlid har i samarbeid med foreldregruppa i koret stått for dette tilbudet i 2025. Me set stor pris på arbeidet, og gleder oss over at koret deltek på gudstenester og syng mellom

anna på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen. I tillegg til svært kyndig leiing frå dirigenten har ein ei aktiv og handlekraftig foreldregruppe her. Koret har imponerande framføringar og deltek mellom anna på Lucia-arrangement, både her i kyrkja og i Bergen. Koret har 25 medlemmer. 17-mai-gudstenesta vår vart flott - med barnekoret med der.

Barnekoret med i familiegudsteneste i Øystese kyrkje



Barnekoret (deler av det) på 17 mai i Øystese kyrkje



Konfirmantarbeid:

Skuleåret 2024-2025 hadde Øystese sokn 38 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til mars til undervisningsøkter i Øystese kyrkje og Øystese bedehus. I tillegg har konfirmantane møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Konfirmantane har (i starten av vinterferien) vore med på KRIK-konfirmantleir på Framnes. Konfirmantane har hatt ein svært kjekk leir med gode møte og kjekke aktivitetar. Saman med foreldre og føresette fekk dei også ein eigen konfirmantfest etter samtalegudstenesta 8. april. Soknerådet stelte i stand ei triveleg samling.

Konfirmantane i Øystese og Ålvik var saman om konfirmantundervisning, samtalegudsteneste og konfirmantfest (i Øystese) også for året 24/25. For dette året sine konfirmantar var det slik at halvparten av dei var på lysmesse i Ålvik, og halvparten var i Øystese.

Fakkeltog etter gudstenesta desember 2025. Konfirmantane er med.



Fasteaksjon 2025:

Fasteaksjonen har vore ein tradisjon i fleire år no. I 2025 har aksjonen (til inntekt for Kirkens Nødhjelp) vore gjennomført. Framifrå innsats av konfirmantar og foreldre som sjåførar! Soknerådsmedlemene måtte også stille som sjåførar. Det kom inn 20 689,- i 2025 på fasteaksjonen med konfirmantane.

Kyrkjebygget og området rundt:

Ny julekrubbe desember 2025



Soknerådet har fått laga ei ny julekrybbe til jula 2025. Her har vi brukt av gåvepengane omtala nedanfor. Jonatan Høyland Høy frå Hardanger Fartøyvernssenter har laga krybba i grindabygg-stil.

Kyrkjeverja har søkt om forprosjektmidlar for med sikte på vøling av kyrkjetaket i Øystese. Kyrkjebevaringsfondet og Riksantikvaren deler ut store midlar til vedlikehald og vøling. Første steg mot å få slike midlar er å få gjort ei meir omfattande vurdering av kostnad og opplegg for vølinga. I Strandebarm er vøla som kjent no ferdig.

Det kom 2024 to anonyme gåver til kyrkja. Den eine på 200.000 har gått til reparasjon av løparen fram til koret og til golvet framme i koret. Teppet i våpenhuset har vorte fornya. Forkorting av benkene, slik at kyrkja er eigna for funksjonshemma, er også utført. Putene i benkane er reparert. Framleis er det att noko midlar av denne gåva som kan nyttast. Vidare kom det i 2024 ei anna gåve (kr 100.000) til å gjere området utanfor kyrkja vakrere. Her har deler av gåva finansierte led-lys i staden for dei gamle straumslukande flaumlysa utanfor kyrkja. Det er også rom for ytterlegare kjøp av planter til området rundt kyrkja. I 2025 har det kome ei anonym gåve på 50.000. Det er framleis midlar att av desse gåvene, og det vert arbeidd med å finne best moglege føremål i og utanfor kyrkja. Vi er takksame for gåvene!

Det må nemnast at minnelunden vart ferdig i 2025. Dette er tiltak som Kvam herad finansierer og som soknerådet er indirekte involvert i. Arkitekt Gøril Kjosåas og ulike entreprenørar har gjort arbeidet. Vi er svært nøgde med slik han har blitt.

Personalsituasjonen 2025:

Tilsette/staben, Vikøy og Øystese:

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Olav Skeie Lid

Sakshandsamar: Inger Karin Tordal

Sokneprest: Vetle Karlsen Eide

Prestvikar/prest under utdanning: Norunn Rød Markhus (frå juli 2025)

Vikarprest: Roar Strømme (vårhalvåret)

Vikarprest: Brigt Sigve Skeie (vårhalvåret)

Kateket: Mampion Andriamandimby (fødselspermisjon, unntatt 20 % stilling mesteparten av året)

Kyrkjelydspedagog: Julie Haaberg (Vikar Mampion kateket i størstedelen av si stilling, i tillegg til ansvar for blant anna trusopplæring.)

Kantor/Organist: Sevinj Asgarova Øvrehus

Kantor/Organist: Ulf Krupka

Leiar for barnekoret i Øystese (20 %): Eirin Beate Åserød Løvlie

Kyrkjetenar: Franckie Mario Andrianaivo

Kyrkjetenar: Bjørn Kåre Thorvaldsen

Kyrkjetenar (deltid) Bonje Wamatara

Kyrkjegardsarbeidar: Heine Ugletveit (permisjon-vikarar på timebasis her)

Det er verd å nemne at vi har tre frivillige som gjer klokkarteneste som frivillig/ulønna arbeid. Det er

Helga Almenning, Wenche Øystese og Inger Dysvik.

Samarbeid med Øystese indremisjon: Me set svært stor pris på samarbeidet med Øystese indremisjon, og er takksame for å kunna bruka bedehuset til både konfirmantundervisning, fasteaksjonen, konfirmantfest og soknerådsmøter!

Til sist:

Soknerådet vil takka prestane våre og alle tilsette for arbeidet de utfører i bygdene våre! Ei særleg takk går til dei som arbeider som prestar etter pensjonsalderen, som Roar Strømme, Brigit Sigve Skeie og pensjonert prost Arne O. Øystese.

Me vil også takka klokkarteamet for det solide arbeidet dei gjer, og for bidraget til foreldregruppa for ungdomskoret! Takk også til frivillige, lag og organisasjonar som stiller opp og hjelper til ved ulike arrangement.

Året 2025 har vorte eit bra år. Endeleg har vi fått ein prest vi veit skal vere her på permanent basis, og vi er svært nøgde med henne vi har fått. Sjølv om det har vore vikarløysingar når det kateket/trusopplæring – så har dette også gått svært godt. I tillegg er økonomien i soknerådet (og fellesrådet) betre enn før, ja, då må ein seie at det er meir positivt enn ein kanskje trudde i januar 2025.

Like fullt er det nok av utfordringar framover, ikkje minst når det gjeld å nå fleire unge (og middelaldrande) vaksne. Vi må streve for å engasjere fleire yngre til deltaking, og i kyrkja sitt frivillige arbeid.

I alt dette er det likevel mange fine stunder og samkomer å sjå attende på i 2025!

Me vonar 2026 kan bli eit godt år, og at me saman kan byggja kyrkjelyd og fellesskap der mange kan få møtast!

På vegne av soknerådet 09.03.2026

Kjell Dysvik
Leiar



Barnekoret på øving i kyrkja